



Else-Britt Straumøy Dalland og Helge Dalland
Stekkevikvegen 12
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2449 - 14/10059

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
03.07.2014

Godkjenning - arealoverføring frå gnr. 49, bnr. 10 til gnr. 49, bnr. 115.

Administrativt vedtak. Saknr: 172/2014

Saksutgreiing:

Else-Britt og Helge Dalland har i søknad dagsett 16.05.2014, og supplerande dokumentasjon dagsett 10.06.2014, søkt om overføring av eit areal på om lag 270m² frå gnr. 49, bnr. 10 til gnr. 49, bnr. 115.

Det er søkt om fritak frå nabovarsling. Søknaden er gunngjeven med at tiltaket berre gjeld gnr. 49 bnr. 10 og gnr 49, bnr. 115.

Vurdering:

Plangrunnlag:

Omsøkt areal er i gjeldande kommunplan avsett til LNF-spreidd bustad. I gjeldande kommuneplan kan det i perioden førast opp inntil 4 bueiningar Søknaden er er såleis i tråd med gjeldande kommuneplan, då arealet skal overførast til ein bustadeigedom.

Det er i dag ikkje drift på bruket.

Jordlova § 12

Jordlova var endra med verknad frå 1.juli 2013. Dette fører til at spørsmålet om deling av landbrukseigedom skal underleggjast ei litt anna vurdering enn før:

"Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jord- eller skogbruk må godkjennast av departementet. Skal dyrka jord takast i bruk til anna føremål enn jordbruk, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje gjevast utan at det er gjeve samtykke til omdisponering etter jordlova §9.

Ved avgjerd om samtykke til deling, skal det leggest vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til driftsmessig god løysing, og om delinga fører til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggest vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under føremålet med jordlova.

Samtykke til deling kan gjevast av omsyn til busettinga i området, sjølv om det elles ikkje ligg til rette for deling.

Det kan settast vilkår som er naudsynte av omsyn til føremålet med lova.”

Føremålet med jordlova er å leggje til rette for at jordviddene i landet kan verte brukt på den måten som er gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket. Kravet om avkastningsvurdering er teke vekk. Jordvernet er styrka i den nye paragrafen.

Delinga det er søkt om vil ikkje endre bruksstrukturen, eller i nemnande grad nytte produktivt areal på ein slik måte at arealressursane ikkje vert teke vare på. Det er såleis ikkje grunnlag for å nekte deling etter jordlova §12, av omsyn til vern av jordressursane eller ei eventuell landbruksdrift. Arealet har liten betydning som landbruksareal i dette området og på denne eigedommen, og arealbruken i gjeldande planar er avsett til spreidd bustadbygging.

Arealoverføringa vil ikkje ha negative konsekvensar for landbruksdrifta.

Nabovarsling:

Arealet grensar opp mot gnr. 49, bnr. 143, men denne parsellen er tilleggsareal til mottakarbruket. Administrasjon har vurdert at omsøkt tiltak ikkje er av interesse for naboar eller gjenbuarar, jf plan- og bygningslova § 21-3.

Vedtak

«Meland kommune gjev i i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, løyve til arealoverføring av 270m2 frå gnr. 49, bnr. 10 til gnr. 49, bnr. 115, i samsvar med søknad dagsett 16.05.2014 og supplerande dokumentasjon dagsett 10.06.2014.

Meland kommune gjev i medhald av jordlova § 12 samtykke til arealoverføring av 270m2 frå gnr. 49, bnr. 10 til gnr. Gnr. 49, bnr. 115 på lo.

Endelegre grenser vert fastsett ved oppmålingsforretninga.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyve vart gjeve, eller dersom matrikkelføring vil være i strid med lov om eigedomsregistrering, jf plan- og bygningslova § 21-9.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Else-Britt Straumøy Dalland og
Helge Dalland

Stekkevikvegen 12 5917

ROSSLAND